# I pansra bil og skotsikker vest

02.01.2012




Sandra i Kabul - med skotsikker vest

**UD-veteran og uskedeling Sandra Vekve (40) har vore heime på juleferie etter teneste i 5 månader ved den norske ambassaden i Kabul. . Ho har etterlatt seg ein stor reportasje i tekst og bilete på den populære bloggen til Anita Enæs og den fortel om eit daglegliv i pansra bil og skotsikker vest hvis ho skal utanfor ambassadeområdet..**
**Naturleg nok er sikkerheitsopplegget svært strengt i det krigsherja landet.**




Sandra er i eit rasert land. Dette er det gamle kongeslottet

Sandra har vore tilknytta Utanriksdepartementet i 18 år og no skal ho gjera teneste i 2 år i Kabul etter å ha vore i Tyrkia, Berlin, USA og Korea. Ho har ansvaret for arkivtenesten og IKT i Kabul og inngår i ein stab på 16 nordmenn og 35 frå andre land og så kjem sikkerheitsstaben i tillegg.



Sandra har heldigvis ein grøn flekk å pusla med

Sandra søkte på jobben i Kabul fordi ho såg på han som ein
spennande utfordring og det har det tydelegvis også vore.
I bloggen til Anita fortel ho om lange dagar med begrensa friheit
til å ferdast utanfor ambassadeområdet. .
På fritida driv ho
til dømes med spel, som crockett og boccia og ho er sjølvsagt
på facebook. Faktisk har ho også ein grøn hageflekk å pusla med.-
Besøk hos kolleger og på lokale marknadar innanfor militærområde
inngår også i fritida, Ho fortel også og har bilete frå
ein fjelltur med eskorte av norske befalingsmenn.

Av Ola Matti Mathisen




På fjelltur i Kabulområdet